



Direktoratet for Naturforvaltning
PB 5672 Sluppen
7485 Trondheim

Vår ref.: 2013/58

Dykkar ref.: 2013/1390 ART-BI-DH

Dato: 11.4.2013

Genmodifisert, sprøytemiddeltolerant mais

Søknad EFSA/GMO/BE/2012/110: Mais MON 87427 frå Monsanto til import, prosessering, mat og fôr under EU-forordning 1829/2003 (første innspelsrunde)

Bioteknologinemnda har motteke høyringsbrevet frå Direktoratet for naturforvaltning datert 28.1.2013, og stiller no spørsmål som vi meiner produsenten bør gjere grundigare greie for, før søknaden skal sluttbehandlast i Noreg. Maisen MON 87427 er genmodifisert til å tole sprøytemiddel med glyfosat. Vi viser derfor òg til høyringssvaret vårt for den glyfosattolerante maisen GT73 frå Monsanto datert 13.2.2012. Etter at produsenten har kommentert spørsmål og innvendingar frå EU/EØS-landa, ønskjer Bioteknologinemnda å få søknaden på ny høyring.

Innspel frå Bioteknologinemnda

Bioteknologinemnda ber om at Monsanto må svare på desse spørsmåla:

Endringar i sprøyteregime

- Korleis vil rotasjon mellom denne maisplanten og andre sortar som er utvikla for andre sprøytemiddel, gjere at utviklinga av resistent ugras blir forsinka?
- Korleis er persistensen av sprøytemidla (kor lenge blir sprøytemiddelrestar verande) i plantematerialet?

Mattryggleik

- Vil det bli meir eller mindre sprøytemiddelrestar i mat og fôr som er basert på denne maisen?

Levekår og lønsemd for bøndene som skal dyrke den genmodifiserte maisen

- Blir bruken av sprøytemiddel endra med denne maisen, og korleis påverkar det helsa til bøndene/dyrkarane?
- Bidreg denne maisen til at bøndene får høgare eller meir stabile inntekter?
- Reduserer maisplanten behovet for andre innsatsfaktorar på kort sikt (under fem år) og lang sikt (over 20 år)?
- Kva dyrkingsforhold er maisen tilpassa?

Levekår og lønsemd i produksjonsområdet

- Finst det reglar for sameksistens der maisen skal dyrkast, og blir dei følgde slik at det er mogleg å velje å dyrke ikkje-genmodifiserte vekstar?
- Er det eit system for å hindre spreiding av gen frå den genmodifiserte maisen til ville slektningar av mais?
- Er det eit system for å hindre spreiding av den genmodifiserte maisen til avlingar med ikkje-genmodifisert mais eller slektningar av mais?
- Er det eit system for erstatning viss den genmodifiserte maisen spreier seg til avlingar med ikkje-genmodifiserte vekstar?
- Skaper dyrking av denne maisen auka sysselsetjing lokalt, regionalt og nasjonalt?
- Gir produkt av denne genmodifiserte maisen nokre fordelar for kjøparen/forbrukaren?
- Har bøndene i området der maisen skal dyrkast, tilgang til alternativ såvare?

Landbrukspraksis og biomangfald

- Ser ein for seg at landbrukspraksisen i dyrkingsområda vil bli endra ved bruk av denne maisen, og i tilfelle korleis?
- Vil dyrking av den genmodifiserte maisen føre til endringar i landbrukspraksis som kan ha sosioøkonomiske følgjer for bestemte grupper av befolkninga?
- Har bøndene valfridom slik at det er mogleg å gå tilbake til å dyrke ikkje-genmodifiserte plantar etter å ha dyrka den genmodifiserte maisen?
- Vil dyrking av denne maisen gi omlegging i arealbruken slik at det fører til endring av det biologiske mangfaldet?

Med helsing

Lars Ødegård
leiar

Sissel Rogne
direktør

Saksbehandlar: Audrun Utskarpen, seniorrådgivar

Kopi: Mattilsynet

Oversyn over tidlegare relevante høyringssvar:

1. Høyringssvaret frå Bioteknologinemnda for maisen GT73 datert 13.2.2012
2. Høyringssvaret frå Bioteknologinemnda for maisen GT73 datert 20.5.2008
3. Høyringssvaret frå Bioteknologinemnda for maisen GT73 datert 23.4.2004
4. Høyringssvaret frå Bioteknologinemnda for maisen GT73 datert 6.12.2004